



Møteprotokoll for Ungdomsrådet

Møtedato: 01.06.2023

Møtestad: Kommunestyresalen, Flodmaal

Møtetid: 16:30 - 18:30

Eventuelle forfall må meldast til møtesekretær Siren B. Øve-Helland, tlf. 92087738 i god tid.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Oliver Trohaug Våge		Utvalslleiar	
Pernille Trohaug Våge		Nestleiar	
Olai Nygard Nese		Medlem	
Magnus Hrafn Jakobsen		Medlem	
Agnes Midtun		Medlem	
Ingeborg Romarheim		Medlem	

Sakliste

Saknr	Tittel
011/2023	Godkjenning av innkalling og sakliste
012/2023	Godkjenning av møteprotokoll
013/2023	Orienteringssaker
014/2023	Kåring av namnekonkurranse
015/2023	Arbeidsmøte - planlegging av Modalsdagane

Notat frå møtet:

011/2023: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjend.

012/2023: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:

Vedtak:

Møteprotokoll vart godkjend slik den ligg føre.

013/2023: Orienteringssaker

Behandling:

Innspel frå andre ungdommar:

Det er kome inn eit ynskje om å lydisolere ungdomslokalet. Ungdommane har fått nokre klager frå mennesker som bur i bygget ang. musikk og støy. Ungdomsrådet si meining i saka er at ungdommane sjølv må starte med å skru ned volum på musikken og spesielt skru ned bassen. Når ein spelar musikk må ein lukke døra inn til ungdomslokalet, slik at ikkje så mykje av lyden slepp ut og forstyrrar andre som bur i bygget.

Ungdomsrådet ynskjer ikkje å gå vidare med lydisolering av rommet per no, og meiner det er andre tiltak som kan gjerast før det. Ei eventuell lydisolering vil vere kostnadskrevjande.

Leiar i ungdomsrådet tar opp saker:

Møtegodtgjersle:

Dette blei tatt opp i førre ungdomsrådsmøte. Leiar etterspør status på dette. Møtesekretær har levert inn møtegodtgjersle for alle som har levert inn fødselsnummer og kontonummer. Desse kan vente ubetaling ganske snart. Dei som endå ikkje har levert inn naudsynt informasjon må gjere dette for å kunne motta godtgjersle.

Kollektivtilbod:

Leiar utrykkjer at kollektivtilbodet i kommunen/området er noko som opptar mange ungdommar. Møtesekretær informerer om korleis ein kan gå fram i arbeid med dette. I januar kvart år kan kommunane komme med innspel til ruteendringar som trengs i sin kommune/sitt område. Dette vert difor ei sak me må jobbe ein del med til hausten.

Elles har me fått ein invitasjon til å søke om tilskot til *LTU - Lokal transporttilbod for ungdom*. Dette tilbodet skal vere direkte knytta til fritidstilbod på ettermiddag/kveld. Me kan difor ikkje ta inn td. skuleruter i denne søknaden. Det blei diskutert kva eit slikt tilbod evt. skulle vore knytta opp mot. Forslag som kom fram var transport til og frå fredagskafè på Ostereidet eller diskotek på Dale. Ungdomsrådet tar opp med andre ungdommar på skulen kva som kunne vore aktuelt og kjem evt. tilbake med innspel til Siren.

Aktivitetspark:

Leiar for ungdomsrådet etterspør status på aktivitetspark som er planlagt for 2024. Møtesekretær er usikker på om det er gjort noko meir i saka sidan sist møte. Skal etterspørre hjå dei som jobbar med saken og komme tilbake med ein statusrapport til neste ungdomsrådsmøte (til hausten).

Ungdomskonferanse til hausten:

Leiar og nestleiar er no påmeldt ungdomskonferansen som er i august 2023. Møtesekretær har sendt inn nominasjon av Modalen kommune som årets ungdomskommune. Det blir bestilt flybilletter til reisa og dette blir dekkja av kommunen.

Saker frå medlemmer i ungdomsrådet:

Innspel om å få bygd eit busskur i Mo sentrum ved det eksisterande busstoppet (utafor Flodmaal). Det oppleves ubehagleg å stå ute i regn og snøvær, noko som skjer relativt ofte. Flodmaal gjer lite ly når det er dårleg vær. Det er stor einigheit blandt ungdomsrådet at dei ynskjer eit funksjonelt busskur som gje godt le, med benk ein kan sitje på mens ein ventar.

Orientering frå møtesekretær:

Det er no laga ei evaluering av bruk av ungdomslokalet på Mo. Det er ein versjon for foresatte og ein for ungdom. Svarfrist for denne er 23. juni. Fint om ungdomsrådet svarar på denne og at ein oppmuntrar andre ungdommar og foresatte til og å svare.

Vedtak:

Sakene er tatt til orientering.

014/2023: Kåring av namnekonkurranse

Behandling:

Det blei gått gjennom forslaga som er kome inn i konkurransen. Det var ikkje så mange forslag, og ein del av forslaga som var kome inn, blei sendt inn av ungdomsrådsmedlemmer sjølv. Det blei god diskusjon rundt kva ein ynskjer med namnet: Noko som blir brukt og ungdommen kan få eit eigarforhold til.

Etter mykje diskusjon landa ungdomsrådet på at dei ynkjer å utsetje kåringa til første ungdomsrådsmøte til hausten. I mellomtida vil me lyse ut konkurransen på nytt og auke premien frå eit gåvekort på 500 kr til 1000 kr. I tillegg ser ungdomsrådet ein fordel med at sumarferien kjem i mellomtida. Mange videregående elevar har ikkje brukt lokalet noko særleg endå, og har difor ikkje eit forhold til rommet. Kanskje dette kan endrast i sumar. Det kom og ein idè om å ha ein boks på ungdomslokalet, der ein kan putte namneforslag oppi. Dette ordnar Siren.

Alle forslag som er kome inn til no vil bli liggande og tatt med i neste runde også.

Vedtak:

Ungdomsrådet utsett kåringa til neste ungdomsrådsmøte (til hausen).

015/2023: Arbeidsmøte - planlegging av Modalsdagane

Behandling:

Me gjekk gjennom planen som blei laga i førre møte og fordelte det ansvaret som ikkje endå var blitt fordelt.

Grilling i Moloen – ansvar i forkant

Gjeremål	Ansvar	Fullførast innan	Ferdig
Lage Snapchatgruppe som kan fungere som informasjonskanal <ul style="list-style-type: none"> · Legge til alle frå 8. trinn – VG2/3? · Enkeltpersoner har lov å invitere med venner. · Invitere dei frå Eksingedalen. 	Oliver	8. juni	
Lage plakat og henge opp Butikken på Mo, skulen, utanfor ungdomslokalet, butikken på Øvre-Helland, Eidsland, Eksingedalen.	Agnes	8. juni Send eller lever til Siren, så kan ho skrive ut.	
Lage speleliste Spotify + hente høgtalar.	Joakim	Fredag	
Lage handleliste me kan levere til Roger -Grillkol, tennveske, grillmat, pappfat, koppar, bestikk, serviettar/tørkerull, brus og farris, chips, snacks.	Olai	15. juni	
Leige kanoar	Siren	16.00-22.00. 1200 kr.	OK – leigd 4 kanoar
Ordne vakthold (2 stk. foreldre?)	Siren	15. juni	OK Inge og Christina
Setje opp telt, bord, stolar, Frisbee golf, volleyballnett ol. Frisbeegolf frå skulen?– Magnus og Olai	Teknisk/ ungdomsråd	Torsdag/fredag	OK, alt står klart når de kjem klokka 16.00. Må settast ut
Hente volleyball og badmintonutstyr	Agnes	Fredag Siren ber om lov frå Jahn Olav.	
Lage quiz + fasit Skrive ut og lage klart pennar og diverse	Pernille lagar quiz	22. juni Send til Ingeborg	
Handle inn premiar- Godtekurv – fruktkaramellar, twist osv. (500 kr).	Oliver og Pernille	22. juni Lever kvittering til Siren.	
Ta med kortstokkar (til evt. Mafia)	Joakim	Fredag	
Pynte og lage til i Moloen	Olai, Agnes, Ingeborg, Magnus, Jakob og Joakim.	Fredag kl. 16.30	

Grilling i Moloen – ansvar på dagen

Gjeremål	Ansvar	Tidspunkt
Ønske velkommen	Olai	17.30
Spele musikk	Joakim	17.30-22.00
Organisere/passe på dei i kano	Dei vaksne	17.30-20.00
Badminton/volleyball	Går av seg sjølv?	17.30-20.00
Frisbee golf	Går av seg sjølv?	17.30-20.00
Grille	Magnus, Jakob og Ingeborg	18.00?
Lede quiz	Ingeborg, Olai	20.00?
Ta nokre bilete	Siren/Lars Ørjan/dei vaksne?	-
Rydde – telt, bord og stoler kan stå. Utstyr, mat, søppel osv. må tas vekk.	Ungdomsråd	22.00
Levere tilbake kanoar	Foreldre	21.00

Siren er på jobb denne helga og kan kontaktast dersom det er noko.

Oliver og Pernille er vekke

Vedtak:

Drøftingssak er tatt til orientering.
